

› Lånegjeld, renter og avdrag

Lånegjeld, renter og avdrag	2019	2018	2017	2016	2015
Langsiktig lånegjeld(1.000kr)	1 067 584	1 055 919	1 039 234	1 032 404	995 894
Langsiktig lånegjeld, kroner per innbygger *)	126 251	125 735	125 330	126 349	123 041

*) Basert på innbyggertal pr. 31.12.2019: 8 456 innb.

Langsiktig lånegjeld egne lån var kr 1 006 600 000, formidlingslån var kr 60 984 201 pr. 31.12.2019.

Ubrukte lånemidler egne lån pr. 31.12.2019 var kr 22 811 787, og Startlån kr 8 598 601. Kalkulert/ikkje betalt avdrag i 2019 kr 34 321 813. Dette utgjør tilsaman kr 65 732 202.

Langsiktig gjeld ekskl. formidlingslån har i 2019 auka med 7 mill. kr. Langsiktig gjeld formidlingslån har i 2019 hatt ein auke med kr 4 665 147. Tabellen viser at kommunen si samla lånegjeld i perioden 2015 - 2019 har auka med 71,6 mill. kr.

Av langsiktig gjeld til investeringar kan ein rekne at 199,5 mill. kr gjeld lån innan vatn, avløp, slam og renovasjon, som restverdi pr. 31.12.2019 og avskrivingsgrunnlag for VAR-området i 2019.

Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75% av driftsinntektene, KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100% er ugunstig. Giske kommune har ein gjeldsgrad på 160,6, og er av dei høgste i landet.

Renter og avdrag på lån til Investeringar

Renter og avdrag på lån til investeringar(1000 kr)	2019	2018	2017	2016	2015
Renter løpande lån	28 526	25 498	25 884	28 214	25 731
Avdrag løpande lån	34 322	31 882	31 132	29 720	29 033
Sum renter/avdrag	62 848	57 380	57 016	57 934	54 764

KOSTRA

	2019	2019	2018	2018
	1532 Giske	Kostragruppe 10	1532 Giske	Kostragruppe 10
Langsiktig gjeld ex pensj.forpl i prosent av brutto driftsinntekter	160	103,6	165,5	98,1
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	111 860	72 121	110 474	66 692
Arbeidskapital ex. Premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	23,4	20,8	29,3	26,3

Giske ligg i landstoppen i gjeld. Dette kjem av at det har vore satsa på store investeringar med nytt omsorgssenter og ny barneskule.

Når det gjeld langsiktig gjeld i høve brutto driftsinntekter ser ein at Giske kommune har ein nedgang på 3,3 % medan resten av kostragruppa har ein auke på 5,6%. Netto lånegjeld i kroner per innbygger er har ein auke med kr 1 386 per innbygger, eller 1,25% medan kostragruppa har ein auke på kr 5 429 eller 8,1%.

Det viser at ei sterk prioritering av investeringane har gitt resultat i dempa gjeldsvekst. Giske kommune ligg fortsatt på eit høgt nivå i høve inntektene og det er fortsatt naudsynt å prioritere for å redusere gjelda ytterlegare.

Endring i arbeidskapital fortel i hovedsak kommunen sin betalingsevne er bedra eller forverra. Den vert beregna som omløpsmidler med frådrag for kortsiktig gjeld, korrigert for endring i ubrukte lånemidler. Arbeidskapitalecn er differansen mellom anskaffelse av midlar (inntekter og innbetalinger) og anvendelse (utgifter og utbetalinger) av midlar i regnskapet. Når anskaffelse er større enn anvendelse har arbeidskapitalen økt.

Begrepet arbeidskapital er misvisande då driftsregnskapet vert påverka av premieavvik (forskjellen mellom innbetalt pensjonspremie til livselskapa og beregna pensjonskostnad).

Oversikta syner at giske sin arbeidskapital er svekka frå 2018 til 2019, og at Giske kommune har betre arbeidskapital en gjennomsnittet i kommunegruppe 10. Dette kjem som følge av ubrukte lånemidler.